

Saksframlegg

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
 Sak nr.: 17/7383-17

Opplæringstilbudet for skuleåret 2018-2019

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Opplæringstilbudet ved skulane blir lyst ut slik:

a) Årdal vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	14
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	31
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
2	TPKJP2----	Kjemiprosess	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	0,0	10
4	PBPBY4YK--	Påbygging til generell studiekompetanse- etter y-komp.	1,0	20
Totalt Årdal			12,0	222

b) Sogndal vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	4,0	47
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	28
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	32
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	30
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	15
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	2,0	34
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	4,0	120
2	STUSP2----	Studiespesialisering	3,0	81
3	STUSP3----	Studiespesialisering	3,0	90
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
Totalt			41,0	774

c) Høyanger vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
2	DHFRI2----	Frisør	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	14
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	32
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
Totalt			8,0	154

d) Dale vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	30
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	31
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	15
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
Totalt			9	193

e) Mo og Øyrane vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	5,0	61
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	2,0	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3,0	48
2	HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	6
2	HSHE2----	Helseservicefag	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	24
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	NANAB1----	Naturbruk	2,0	24
1	NANAB1--3-	Naturbruk-hest	1,0	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagarfaget	1,0	13
2	NALGA2----	Landbruk - og gartnarfaget	1,0	14
3	NANAB3----	Naturbruk- studieførebuande	1,0	21
3	NALBR3----	Landbruk	1,0	12
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	1,0	17
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12
1	SSSSA1P---	Service og samferdsel - YSK 4-årig	1,0	13
2	SSSSS2P---	Sal, service og sikkerheit- YSK 4-årig	1,0	9
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	0,0	8
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	0,0	8
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	12
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	0,5	6
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	9
Totalt			36,5	482

f) Hafstad vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	1,0	32
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30

3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	4,0	122
2	STUSP2----	Studiespesialisering	4,0	120
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4,0	120
1	KDKDA1----	kunst, design og arkitektur	1,0	30
2	KDKDA2----	kunst, design og arkitektur	1,0	30
3	KDKDA3----	kunst, design og arkitektur	1,0	30
Totalt			19,0	574

g) Flora vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	16
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
Totalt			26,0	511

h) Måløy vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1,0	13
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	14
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	16
1	HSHSF1P---	Helse- og oppvekstfag YSK-4-årig	0,5	8
2	HSHEA2P---	Helsearbeidarfag YSK 4-årig	0,5	6
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	16
1	NANAB1----	Naturbruk	1,0	18
1	NANAB1P---	Naturbruk maritime fag YSK 4-årig	0,0	4
4	NAAKV2P---	Akvakultur YSK 4-årig	0,0	4
2	NAAKV2----	Akvakultur	0,5	7
2	NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	15
2	RMKOS2----	Kokk og servitørfag	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	25
1	TPTIP1P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	4
2	TPTIP2P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	3
2	TPPOK2----	Plast og kompositt	0,5	6
2	TPMAR2----	Maritime fag	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	1,0	17
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	1,0	18
Totalt			20,5	338

i) Firda vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30

2	IDIDR2----	Idrettsfag	2,0	60
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30
1	4- MDMDD1--	Musikk, dans og drama- dans	0,5	13
1	1- MDMDD1--	Musikk, dans og drama- musikk	1,0	24
1	6-	Musikk, dans og drama- drama	0,5	13
2	MDDAN2----	Dans	0,5	12
2	MDDRA2----	Drama	0,5	12
2	MDMUS2----	Musikk	1,0	24
3	MDMUS3----	Musikk	1,0	25
3	MDDRA3----	Drama	0,5	12
3	MDDAN3----	Dans	0,5	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
Totalt			13,0	357

j) Eid vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	DHDHV1----	Design og handverk	2,0	34
2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	0,5	8
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	30
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	14
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	27
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPIMS2M---	Industriell møbelproduksjon LAD	0,5	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
Totalt			19,0	331

k) Stryn vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2,0	24
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	20
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	30
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	0,5	6
2	SSRLV2----	Reiseliv	0,5	7
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60
Totalt			16,0	321

Vedlegg:

Vedlegg 1 Avgangselevar frå grunnskulen per kommune og region.

Vedlegg 2 Fagopplæringsnemnda, - saksutgreiing

Vedlegg 3 Fagopplæringsnemnda møtebok
 Vedlegg 4 Innspel frå dei vidaregåande skulane
 Vedlegg 5 Notat om friare skuleval

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Fylkesdirektøren legg i denne saka fram tilråding til opplæringstilbod for skuleåret 2018-19.

Del 1 er kort om bakgrunn for saka med informasjon om gruppe, plass- og elevtal ved våre vidaregåande skular inneverande skuleår.

Del 2 omtaler dei økonomiske føresetnadene som ligg til grunn for framlegget, omtale av lovendringar som både har verknad for søkarar, og som vil kunne ha verknad for den økonomiske ramma til sektoren. Til slutt i del 2 er ei vurdering av elevtalsgrunnlaget.

I del 3 er fagopplæringsnemnda (FON) sitt vedtak referert, det same er oppsummering av arbeidet med formidling til lærekontrakt/opplæringskontrakt. Begge er henta frå saksutgreiinga til møtet i FON 2.11.17. Saksutgreiinga og vedtaket i FON er vedlegg 2 og 3. Her ligg og oppsummering av opplæringskontora sine innspel til fagopplæringsnemnda. Opplæringskontora, einskildbedrifter og fagopplæringsnemnda gir viktige innspel i høve arbeidskraftbehova i dei yrkesfagelege retningane. Erfaringane med formidling av lærlingar/ lærekandidatar er og med på å gje grunnlag for framlegg om endringar. Dei vidaregåande skulane sine innspel er vedlegg 4.

Del 4 er svar på bestillinga frå hovudutval for opplæring om å gi ei vurdering av opplæringstilbodet 2018-19 opp mot skulebruksplanen og innspela frå arbeids- og næringslivet.

Del 5 er fylkesdirektøren sitt framlegg til endringar av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-19, presentert per utdanningsprogram. Endringane er i høve tilbodet som er sett i gang for inneverande skuleår.

I del 6 er konsekvensar for personalet omtalt.

Del 7 er oppsummering og presentasjon av framlegg til tilbod ved kvar vidaregåande skule.

1. Bakgrunn for saka

Saka gjeld framlegg til opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane skuleåret 2018-19. Det vedtekne tilbodet blir lyst ut med søknadsfrist 1. februar for søkarar med fortrinnsrett og søkarar som kan ha rett til spesialundervisning. For andre søkarar er fristen 1. mars. Etter søknadsfristen vil ein, så godt som råd er, tilpasse tilbodet ved skulane til søkinga. Justering av opplæringstilbodet blir handsama i hovudutval for opplæring i april 2018.

Som bakgrunnsinformasjon er vist samla oversikt over plassar og inntekne ved vidaregåande skular skuleåret 2017-18. Data er frå 13.9.17

Tabell 1

Skolnavn	Tilbod sett i gang 2017-18		Inntekne elevar etter rettstype			Totalt inntekne	Ledige pl
	Klasser	Plasser	U-rett	V +F- rett	I- rett		
Dale vidaregåande skule	9	194	163	1	5	169	25
Eid vidaregåande skule	19	349	314	0	7	321	28
Firda vidaregåande skule	13	358	331	0	1	332	26
Flora vidaregåande skule	26	514	478	6	7	491	23
Hafstad vidaregåande skule	18	544	478	1	3	482	62
Høyanger vidaregåande sku	8	150	140	2	1	143	7
Mo og Øyrane vidaregåande	36,5	462	434	10	16	460	2
Måløy vidaregåande skule	20	332	332	2	4	338	- 6
Sogndal vidaregåande skule	43	807	711	4	10	725	82
Stryn vidaregåande skule	15	306	273	0	7	280	26
Årdal vidaregåande skule	12	226	187	0	15	202	24
Totalt	219,5	4242	3841	26	76	3943	299

U-rett betyr ungdomsrett, og er den søkargruppa fylkeskommunen har ansvar for å gje eit opplæringstilbod. F-rett betyr fullføringsrett, og er ein rett søkaren får eitt år, dersom han er innteken utan rett året før. V-rett betyr vaksenrett, på grunnlag av alder, dvs. over 24 år. I-rett er søkarar utan rettar til vidaregåande opplæring.

Til samanlikning var tala for 2016-17:

	Klasser	Plasser	U-rett	V +F- rett	I- rett	Totalt inntekne	Ledige pl
Skuleåret 2016-17	220	4232	3890	12	114	4017	215
Differanse mellom 17-18 og 16-17	-0,5	10	-49	14	-38	-74	84

Det er stor auke i tal ledige plassar totalt. Det er utdanningsprogramma medium og kommunikasjon ved Hafstad og Sogndal vidaregåande skular og kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande skule som har dårleg oppfylling. Desse utdanningsprogramma har samla om lag 70 ledige plassar. Medium og kommunikasjon blei studieførebuande utdanningsprogram frå hausten 2016, med auke i plasstalet frå 15 til 30. Søkinga har ikkje auka tilsvarande. Heller ikkje oppretting av eige utdanningsprogram for kunst- og designfaga har ført til auka søking.

2. Føresetnader

2.1 Økonomisk ramme

I arbeidsdokument 3/17 og 4/17 frå fylkesrådmannen til finansutvalet slutta finansutvalet seg til å auke tal grupper i opplæringstilbodet permanent til 220 grupper. Dei økonomiske konsekvensane av dette er innarbeidd i ramma til opplæringssektoren.

Skuleåret 2017-2018 er det sett i gang i alt 219,5 grupper. I tillegg blei det i justeringa av opplæringstilbodet (HO-sak 8/16) sett av ein grupperessurs til disposisjon for bruk i samband med inntaket. Denne grupperessursen blei ikkje nytta. Ved dei skulane der ei ekstra gruppe ville gje fleire søkarar tilbod, var det ikkje kapasitet til fleire grupper på dei aktuelle utdanningsprogramma.

På bakgrunn av skulebruksplanvedtaket er det fylkesdirektøren si vurdering at avsett grupperessurs til opplæringstilbod til elevar med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev (vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter fag og yrkeskompetanse) ikkje kan nyttast til å auke gruppetalet i det ordinære tilbodet til 221 grupper.

2.2 Friare skuleval mellom fylka

Inneverande skuleår er første året der fylkeskommunane har hatt plikt til å handsame søknader frå andre fylke ved ledig kapasitet, og der fylkeskommunane må betale refusjon for alle som er tekne inn i andre fylke.

Som det går fram av notatet til hovudutval for opplæring i møtet 25.okt ser det førebels ikkje ut til at lovendinga har ført til noko stor «utferdstrong» hjå våre ungdommar. Summert opp er dei økonomiske konsekvensane av søkinga til skuleåret 2017-18 at kostnadene er om lag 3,3 mill. kr større enn før innføring av friare skuleval, og at inntektene er om lag 0,9 mill. kr større. For fleire detaljar syner fylkesdirektøren til notatet om friare skuleval.

2.3 Lovendingar som har verknad for søkarar

Opplæringslova §3-1 blei, med verknad frå 1.8.2017, endra på fleire punkt som vil ha stor betydning for ungdom sine mogelegheiter til å fullføre vidaregåande opplæring. I tillegg vil endringane få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen, då det truleg vil føre til fleire søkarar som får rett til tilbod. (Lov om endringar i opplæringslova(oppstart av grunnskuleopplæring og rett til vidaregåande opplæring))

§3-1 første ledd andre lyder (nytt punktum er understreka)

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dette gjeld òg dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i

læreplanen. Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølv om inntak til den vidaregåande opplæringa.

Det er svært få personar som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land som får denne utdanninga fullt ut godkjend i Noreg. Dei som ønsker studiekompetanse for å studere på universitet og høgskule manglar ofte engelsk, og dei må dokumentere tilstrekkelege norskkunnskapar. Det er få utanlandske yrkesutdanningar som er godkjende i Noreg. Lovendringa vil gje oss ei ny gruppe søkarar med ungdomsrett. Førre har vi ingen oversikt over kor mange dette kan dreie seg om.

§3-1 tredje ledd er ny og lyder:

Retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skuleåret som tek til det året ein fyller 24 år.

Lovendringa betyr at gapet mellom ungdomsretten, som i praksis varte til 21 år, (frist på 5 år) og vaksenretten som trer inn ved fylte 25 år, no er tetta. Dei som har starta utdanningsløpet, men ikkje har teke ut dei lovfesta 3 åra, og som heller ikkje har fylt 24 år, vil få ungdomsretten «tilbake».

Per no kan vi ikkje seie kor mange dette gjeld. Ny versjon av Vigo vil bli programmert i høve lovendringa, og den vil vere på plass 27.11.17. Etter det må alle fylka rekne ungdomsretten på ny og oppdatere basen.

§3-1 fjerde ledd lyder:

Elevar har rett til å gjere eitt omval, og får då rett til utvida tid så dei kan fullføre utdanninga.

Denne lovendringa forskotterte fylkesdirektøren til skuleåret 2017-18, ved at søkarar som søkte omval frå vg2 til nytt vg1 får utvida tida med to år, slik at dei har ungdomsrett til vg3 i nytt utdanningsprogram. Tidlegare fekk ein berre eitt års utviding, sjølv ved omval frå vg2 til nytt vg1.

Ved avbrot på vg3 får eleven/læreren/lærekandidaten eitt års utviding av retten. Han/ho må nytte utvidinga av retten til eit vg3 for å få fullført vidaregåande opplæring med ungdomsrett. Dersom utvidinga blir nytta til anna enn vg3 vil eleven/læreren/lærekandidaten ikkje få fullført vidaregåande opplæring med ungdomsrett. Intensjonen med eitt års utviding ved avbrot på vg3 er at utvidinga skal nyttast til nytt vg3, men ein kan ikkje forhindre at søkarar søker vg1 eller vg2.

Utvidinga ved avbrot på vg3 er ikkje ny, men blir presisert i samband med lovendringa om omval.

2.4 Høyring om endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen

Framlegg til endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen har vore på høyring, med høyringsfrist 4.9.17. Tilbudsstrukturen for yrkesfaga er alle dei ulike utdanningsprogramma, vg2 programområde, lærefaga og yrkeskompetansefaga som blir tilbodne elevane som vel fagopplæring.

Framlegga omfattar mellom anna

- Nedlegging av eksisterande utdanningsprogram og oppretting av nye.
- Oppsplitting eller samanslåing av vg2 programområde og lærefag.
- Framlegg til nye vg2 - tilbod eller lærefag
- Flytting av vg2 - tilbod og lærefag mellom utdanningsprogramma.

Ny yrkesfagleg struktur vil vere gjeldande frå og med skuleåret 2020-21.

Hovudutval for opplæring vedtok ei høyringsfråsegn i møtet 30.8.17, HO- sak 20/17. Hovudutvalet sa seg samd i mange av endringsframlegga, men er uroa for konsekvensane ei større oppdeling i fleire vg2 programområde vil ha for vårt fylke. Det vil truleg føre til at vi ikkje vil ha søkargrunnlag til fulle grupper, og må sette i gang grupper med færre elevar. Det vil få økonomiske konsekvensar. Dette vil gjelde alle våre programområde der det er eit svakt søkargrunnlag.

2.5 Elevgrunnlaget

Forventa søkjarar frå grunnskulen, frå grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom (GMU) og forventa tal søkarar som gjer omval til nytt vg1 er grunnlag for forventa søkartal i vg1. I tillegg tek vi høgde for søkarar som ikkje er i vidaregåande opplæring i år. Vi har lagt inn same prosent søking frå grunnskulen (95%) og same omvalsraten og nivå søkarar som ikkje er i vidaregåande opplæring i inneverande skuleår (10%).

Elevtalet i vg1 i år, forventa omvalstal til nytt vg2 og potensielle søkarar som ikkje er i vidaregåande opplæring i år er grunnlag for dimensjonering på vg2.


I vg3 er det berre studieførebuande utdanningsprogram, med unntak av avviksfag i elektrofag. Vg2 inneverande år er inntaksgrunnlaget.

Tal avgangselevar frå grunnskulane er 1399 våren 2018, mot 1451 våren 2017, ein nedgang på 52. Dette er ein kraftig nedgang, men tal elevar frå GMU vil truleg langt på veg vege opp for nedgangen i grunnskulane. Det er 100 elevar i 8 grupper GMU, på Sogndal, Høyanger, Dale, Flora, Firda, Mo og Øyrane, Eid og Stryn vidaregåande skular. Fylkesdirektøren reknar det som realistisk at om lag 50% av desse vil vere klare for søking til vg1 skuleåret 2018-19.

Vedlegg 1 syner avgangselevar per kommune og region og tal elevar i GMU.

I følgje grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) vil talet avgangselevar frå grunnskulane våren 2019 igjen vere om lag 1450.

Tabell 2 er ein elevtalsprognose, med GSI-tal og SSB sin MMMM prognose som grunnlag.



Som figuren viser er det stor differanse mellom tal elevar fødte i Sogn og Fjordane og elevtal i skulen per no. Vi er avhengige av fortsatt innflytting for å oppretthalde elevgrunnlaget. SSB sin prognose fram til skuleåret 2026-27 samsvarer godt med tal barn fødte i 2010, men utflytting og redusert innflytting vil gje færre søkarar til vidaregåande opplæring.

Fylkesdirektøren nyttar tal inntekne elevar med ungdomsrett som grunnlag for vidareføring til vg2 og vg3. Denne ordninga blei innført frå og med skuleåret 2013-14. Inntekne elevar vi ikkje har plikt til å vidareføre til neste nivå er ikkje med i dimensjoneringsgrunnlaget, men dei får tilbud ved ledige plassar. Tabell 1 syner at om lag 100 søkarar utan rett har fått plass inneverande skuleår. Inntaksrekkefølga er ungdomsrett, fullføringsrett, vaksenrett og til slutt ikkje-rett.

Plasstalet i ein del av gruppene er ikkje stabilt frå år til år. Det blir endra som ein konsekvens av organiseringa av spesialundervisninga og behovet for utvidingar for å gje rom for alle søkarane med ungdomsrett. Ut over dette har ein forsøkt å halde plasstala til 12/15i yrkesfaglege utdanningsprogram og 24/30i studieførebuande utdanningsprogram , med nokre få unntak der fysisk plass i klasserom er årsaka.

Vg2		Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2018-2019		Inntekne vg1 17-18 med rett til vidareføring i vg2 18-19
		Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	
Utd.prog								
Totalt BA		162	13,0	158	13,0	158,0	13,0	147
Totalt DH		30	2,5	20	1,5	20,0	1,5	20
Totalt EL		132	11	134	11,0	122,0	10,0	125
Totalt HS		181	12,5	178	12,5	208,0	14,5	193
Totalt ID		90	3	90	3,0	120,0	4,0	110
Totalt MD		48	2	48	2,0	48,0	2,0	51
Totalt .KD		30	1	30	1,0	30,0	1,0	20
Totalt MK		60	2	60	2,0	60,0	2,0	47
Totalt NA		37	3	37	3,0	40,0	3,0	46
Totalt RM		36	3	36	3,0	36,0	3,0	36
Totalt SS		125	9	109	8,0	109,0	8,0	82
Totalt ST		531	18	532	18,0	502,0	17,0	504
Totalt TP		126	11	135	11,0	135,0	11,0	163
Totalsum		1612	93	1591	91,0	1615,0	92,0	1567

Tabell 3

Tabellen viser kapasiteten på vg2- nivå i framlegget frå fylkesdirektøren, med inntekne på vg1 inneverande år og som har rett til vidareføring 2018-19.

Tabellen syner litt knapp kapasitet i utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men mange av elevane frå vg1 teknikk og industriell produksjon går etter erfaring til vg2 transport og logistikk i utdanningsprogrammet service og samferdsel. Kapasiteten i desse to utdanningsprogramma må difor sjåast under eitt. Det er 244 plassar og 245 inntekne på vg1.

Tabellen syner at samla plasstal i utlyst tilbod er litt stramt når ein tek omsyn til omval til vg2. I justeringa av tilbodet må vi syte for at kapasiteten er tilstrekkeleg til å gje plass til søkarane med ungdomsrett.

3. Innspel knytt til yrkesfag og opplæring i bedrift,

3.1 Fagopplæringsnemnda (FON) vedtok i møtet 2.11.17 slik tilråding til hovudutval for opplæring:

Fagopplæringsnemnda vurderer dimensjoneringa av det samla opplæringstilbodet i fylket for skuleåret 2018 - 19. Tilbod på einskildskular blir såleis ikkje vurdert og kommentert i denne fråsegna. For fylkesdekkande tilboda vurderer vi berre nokre av tilboda. Fagopplæringsnemnda må elles ha eit tydeleg fylkesperspektiv i sitt arbeid. Arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda har hatt fellesmøte med alle opplæringskontora i fylket.

1. Dimensjonering

Ved dimensjonering av dei utlyste tilboda er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar. Dette må vektleggast saman med elevane sin ynskje. Innspela frå nærings - og arbeidslivet, opplæringskontora mm viser at det er bra samsvar mellom behova i næringslivet, tilboda ved dei vidaregåande skulane og tilgangen på læreplassar. Fagopplæringsnemnda vil peike på følgjande vedkomande utlysing og dimensjonering av utdanningstilbodet for 2018 - 2019:

Bygg - og anleggsteknikk: Dette fagområdet blir lyst ut i samsvar med igangsett tilbud i skuleåret 2017 – 18. Behovet innan byggfaga er framleis større enn innan anleggsteknikk.

Transport- og logistikk: Innspel frå opplæringskontora og næringslivet seier det er behov for tre grupper i fylket. Dette faget fekk ei ekstra gruppe i 2017/2018. Det er god tilgang på læreplassar og det har vore veksande søkjartal. Det blir tilrådd å lyse ut tilbodet med tre gruppe som i dag.

Elektrofag: Tilgangen på læreplassar og Opplæringskontoret seier at dette faget bør ha 10 grupper. Det blir tilrådd å lyse ut 5 grupper elenergi og 2 grupper automasjon.

Teknikk og industriell produksjon: Det er stor etterspørsel i næringslivet etter faglært arbeidskraft på dette området. Men det er framleis ei utfordring å skaffe nok læreplassar ut frå VG2 industriteknologi og køyretøy. Bilfaga ynskjer å auke opp med ei gruppe. Men p.g.a. tilgangen på læreplassar er det ikkje grunnlag for denne auken. Det har vore etterspørsel etter VG2 plast- og komposittfag som er eit nytt fagområde i Sogn og Fjordane. Ut frå etterspørselen i næringslivet, bør dette faget prøvast ut. Føresetnaden er skulane samarbeider om dette tilbodet.

Helse - og oppvekstfag: I justeringssaka vart tal grupper på VG1 auka med gruppe siste år. Det har vore god søkning til faget og tal læreplassar har auka i kommunane. Det er ei utfordring at Helse Førde framleis ikkje tek inn lærlingar i dette faget. Det utlyste tilbodet bør vere det same som var starta opp for skuleåret 2017/2018.

Restaurant - og matfag: Ingen endringar i tal utlyste grupper. Trass i at det er stort behov for fagarbeidarar på området og fylkeskommunen har satsa på faget, har det diverre vore svak søknad til dette faget dei siste åra.

Maritime fag: Ingen endringar i tal grupper

Datateknologi

Datamiljøet i Måløy (Local Host, Lefdal Mine Datasener, Video Nor og Northwest Tre D) etterspør fagkompetanse på ulike nivå innan IKT. Det er viktig at næringslivet får stetta sitt behov for kompetanse og faglært arbeidskraft. Fylkeskommunen har tilbod om dataelektronikk og IKT servicefag. Det må vere mogeleg å utvikle og "skreddarsy" desse tilboda slik at datamiljøet i Måløy får tilgang på faglært arbeidskraft.

Dei fylkesdekkande tilboda må lysast ut med same tal grupper som for skuleåret 2017 - 2018. Vi vil likevel understreke at det er viktig at tilbodet innan vg2 industriell møbelproduksjon blir lyst ut med ei heil gruppe.

2. Mobilitet hos elevane og i næringslivet.

Ein læreplass er å sjå på som eit ordinært arbeid. Å ta til i lære er for mange den første ordinære arbeidsplassen. Det er difor viktig å ha mobilitet i å takke ja til læreplass sjølv om ein må flytte e på seg. I tettstadane i fylket har det dei siste åra vore mangel på læreplassar, mens i kommunar og verksemdar som ligg i meir gravgrendte strøk, har mange læreplassar stått ledige. Det er difor viktig at søkjarane til læreplassar viser større mobilitet enn i dag.

Næringslivet og andre arbeidar ofte for å oppretta linjer og nye tilbod ved sin eigen "nærskule". Alle skular kan av faglege omsyn ikkje ha tilbod om alle linjer. Ofte kan ein få inntrykk av at næringslivet er mindre interessert å ta inn lærlingar og faglært arbeidskraft som har teke utdanninga på naboskulen. Dette må dei folkevalde, skulane, opplæringskontora, administrasjonen, heimane og partane i arbeidslivet bruke tid på å informere og forklare elevane, lokalsamfunna og næringslivet.

3. Marknadsføring av tilbod

Fleire av tilboda rundt i fylket slit med å få nok søkjarar til fylla opp dei utlyste gruppene. Døme på dette er vg2 bilskade, lakk og karosseri, kjemi - og prosessfag, frisørfag, mat- og restaurantfag osv. Nærings - og arbeidslivet i fylket og landet vårt etterspør meir faglært arbeidskraft innanfor ei rekkje bransjar. Ofte vert det sagt at mangel på faglært arbeidskraft er hovudgrunnen til bedriftene ikkje kan vekse eller ta nye oppdrag. I nokre bransjar er det stor "import" av arbeidskraft frå utlandet.

Nokre bransjar har greidd å få fleire søkjarar til sine fagområde dei siste åra. Transport og logistikk er eit godt døme på dette. Det er viktig at skulane, opplæringskontora og næringslivet brukar ressursar til gjere dei ulike tilboda betre kjende for elevane, gjerne gjennom utplassering i lokalt næringsliv. Meir aktiv profilering, marknadsføring og framsnakking er difor viktig. Denne marknadsføringa må også kunne gjennomførast utfor den kommunen eller regionen der

tilbodet/skulen er lokalisert. Ikkje alle skular kan ha alle tilbod. Elevane må kunne flytte seg for å få det tilbodet ein primært ynskjer. Elevane må få betre og meir informasjon gjennom faget utdanningsval.

4. Oppfølging av elevar med svake karakterar:

Læreplass for elevar med svake karakterar er ei utfordring. Elevane har etter norsk lov rett på treårig tilbod i den vidaregåande skulen. Nokre av fagområda har særleg store problem med å få elevane ut i lære. Mens t.d. i bygg- og anleggsgfaga er dette eit heller lite problem. Kanskje kan TIP-faga hente erfaring og kunnskap frå fagområde som har lukkast med å få elevar med svake karakterar ut i lære. Det er også viktig at skulane er særskilt merksame på elevar med svake karakterar i yrkesfaga. Dei vidaregåande skulane har i dag gode system har å følgje opp svake elevar. Dette skjer gjennom spesialundervisning og ekstraundervisning.. Fagopplæringsnemnda ber om å få ei orientering på neste møte om korleis elevar med svake karakterar blir følgd opp av skulen og hjelpeapparatet.

5. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane

Sogn og Fjordane har etter politiske vedtak ein desentralisert struktur på den vidaregåande skulen. Sidan skulane er relativt små, kan ikkje dei ulike skulane ha alle tilbod innan yrkesfaga. Difor må skulane spesialisere seg på nokre fagområde. Elevgrunnlaget tilseier også at det ikkje er mogeleg å utvikle svært mange tilbod på dei ulike skulane. Difor er det viktig at dei vidaregåande skulane utviklar samarbeidet betre enn i dag. Dette er særleg viktig innan yrkesfaga. Ved å vidareutvikle samarbeidet mellom skular og arbeids- og næringsliv og samstundes utnytte moglegheitene i kryssløp, vil det bidra til å sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Samarbeidet må skje både innan undervisning og mellom dei ulike fagområda ved skulane. Det er også viktig med fokus på elevmiljøet. Utveksling av lærarkrefter mellom skulane og oppbygging av "regionfag" for fleire skular er aktuelle samarbeidsområde. Likeeins må det leggest føringar i utlysingssaka om samarbeid mellom to eller fleire skular i fylket.

Samarbeidet mellom vg2 helsefag ved Stryn vidaregåande skule og elektrofag ved Eid vidaregåande skule om velferdsteknologi har fått nasjonal merksemd og er eit svært godt eksempel i vellukka samarbeid. Denne typen samarbeid må utviklast mellom fleire av skulane i fylke. Dette vil styrke fagmiljøa ved dei skulane og vere med på gjere skulane til betre regionale utviklingsaktørar. Det er i dag stor konkurranse på ulike nivå mellom skulane. Av og til kan dette gje uheldige og utilsikta utslag. Det må difor arbeidast aktivt for å oppnå ein endå betre samarbeidskultur mellom dei ulike skulane.

Fagopplæringsnemnda oppmodar hovudutvalet for opplæring lage ein eiga saka for korleis samarbeidet mellom skulane kan konkretiserast. Føringar for dette arbeidet kan startast opp og leggest inni utlysingssaka.

Fylkesdirektøren sine vurderingar:

Fylkesdirektøren konstaterer at fagopplæringsnemnda er svært oppteken av behova for faglært arbeidskraft i næringslivet, og at nemnda meiner at desse behova må vektleggast framfor elevane sine ønske. På vg1-nivå har søkarane rett på inntak til eitt av tre valde utdanningsprogram. Fylkesdirektøren kan ikkje overstyre vala til søkarane. Fylkesdirektøren viser til den tette dialogen det har vore med opplæringskontora og fagopplæringsnemnda dei seinare åra for nettopp å tilpasse tilbodsstrukturen til behova for fagarbeidarar. Justering av kapasiteten på vg1 og tilpassingar mellom programområde på vg2 har i stor grad vore gjort på grunnlag av slik dialog.

Til vedtakspunkta om mobilitet og marknadsføring ser fylkesdirektøren at alle partar har same interessa av å lukkast med dette. Vår erfaring er at dei vidaregåande skulane bruker tid med elevane på problemstillingar knytte til kravet om mobilitet i arbeidslivet.

FON er oppteken av samarbeid mellom dei vidaregåande skulane, og til det vil fylkesdirektøren seie at det allereie er samarbeid mellom mange skular. Samtidig vil meir konkret samarbeid om tilbod og fag vere positivt for elevar og arbeids- og næringsliv i regionane.

Innspela om kapasitet og endringar i utdanningsprogram/programområde er del av fylkesdirektøren sitt vurderingsgrunnlag og blir omtala der ein finn det naturleg.

3.2 Oppsummering av arbeidet med formidling til lærekontrakt/opplæringskontrakt

I sak 8/17 til fagopplæringsnemnda om opplæringstilbodet for 2018-19 blei erfaringane med formidlingsarbeidet summert opp slikt:

30. august stod det att 63 søkar med ungdomsrett utan læreplass, dette er ein auke på 8 i forhold til året før. Dei næraste vekene etter dette fekk fleire søkarar tilbod om læreplass eller skuleplass, men i ein del lærefag har det vore vanskeleg å få læreplass til alle.

Ved skulestart blei alle søkarar utan læreplass kalla inn til informasjonsmøte på dei vidaregåande skulane. Møte omhandla vg3 - tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten.

I år, som tidlegare år, er tilgangen til læreplassar i bilfaga, elektrikarfaget og industrimekanikarfaget ikkje tilstrekkeleg i forhold til tal søkar.

Per 1. september sto det att 35 søkarar til læreplass i desse faga (10 i bilfaget, 12 i elektrikarfaget, 13 i industrifaga). Søkar til læreplass med ungdomsrett har rett på eit tilbod. Dei som ikkje får tilbod om læreplass i bedrift har rett på alternativ opplæring, vg3 i skule.

Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjera seg nytte av tilboda som vert sett i gang. Sogn og Fjordane fylkeskommune opprettar i år vg3 - tilbod i industrifaga , elektrofaga , bilfaga og i enkeltfag. I enkeltfaga vert det individuelle opplegg for elevane der dei har store delar av opplæringa ute i bedrift.

3.3. Innspel frå dei vidaregåande skulane

Rektorane blei i brev datert 14.9.17 inviterte til å kome med innspel til neste års opplæringstilbod. Det blei presisert at:

Framlegg til ev nye eller endra tilbod må henge i hop med framlegg til tilsvarande reduksjonar. Som tidlegare år skal grupper som ikkje blei sette i gang i år vurderast for neste år. Det er framleis stor merksemd knytt til formidling til læreplass og vi ber om at de særskilt gjer vurderingar knytt til programområde der det har vore utfordringar med tilgjengelege læreplassar

Fylkesdirektøren ser at rektorane ikkje fullt ut har svart på bestillinga, då det samla framlegget til grupper for neste år ville gje ein netto auke på 12 grupper. Fylkesdirektøren har vurdert alle framlegga i arbeidet med tilrådinga, men har ikkje omtala desse særskilt, sidan dei ville føre til eit gruppetal langt utover vedteken ramme. Innspela frå skulane er vedlegg 4.

4. Opplæringstilbodet 2018-19 opp mot skulebruksplanen og innspela frå arbeids- og næringslivet.

Under sak 28/17 Skriv og meldingar gjorde hovudutval for opplæring slik vedtak:
Hovudutvalet for opplæring ber administrasjonen gjere ei vurdering av opplæringstilbodet 2018 - 2019 opp mot skulebruksplanen og innspela frå arbeids - og næringslivet.

Skulebruksplanen blei vedteken i fylkestinget 11.6.2013 (FT-sak 26/13), med verknad frå skuleåret 2014-15.

Punkt 2 i skulebruksplanen fastset fordelinga av utdanningsprogram og programområde mellom skulane. Punkt 6 regulerer kravet til tal primærsøkarar med ungdomsrett for at eit tilbod skal settast i gang. I punkt 17 blir skulane pålagde å styrke og utvikle samarbeidet seg i mellom, og i punkt 18 går det fram at vidare utvikling etter vedtaket skulle skje med basis i elevane sine val og ved at skulane utviklar og fornyar tilboda sine.

Skulebruksplanen tok i vare utfordringane med elevtalsnedgang og ein desentralisert skulestruktur. Sjølv om nedgangen ikkje har vore så dramatisk som prognosane synte i 2011-2012, er den ikkje ubetydeleg. I saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2014-15, (HO-sak 34/13) blei det vedteke å lyse ut eit tilbod med 237 grupper med eit samla plasstal på 4443. Gruppetalsramma for skuleåret 2018-19 er 220 grupper med eit plasstal på om lag 4200.

Tabell 4 syner endringar etter vedtaket i skulebruksplanen:

Skule	Tilbod	Tal grupper	Frå skuleår	Kommentar
Dale	vg2 maritim produksjonsteknikk	0,5	15-16	Tilbod eitt år, tilbake til industriteknologi
Mo og Øyrane	YSK service og samferdsel	1	15-16	Oppretta som nytt tilbod ved skulen
Flora	vg2 brønnteknikk	1	14-15	Tilbod to år, pga nedgang i oljenæringa.
Måløy	vg2 industriteknologi		16-17	Ikkje lyst ut, pga mangel på læreplassar
Eid	utdanningsprogram studiespesialisering med formgjeving ikkje sett i gang			Lyst ut 14-15, men ikkje igang pga låge søkjartal. Ikkje lyst 15-16
Eid	vg2 automatisering	1	16-17	Oppretta som nytt tilbod ved skulen
Eid	vg3 automasjon	1	17-18	
Stryn	vg2 reiseliv	1	15-16	Vedtak i HO-, vurdert i samanheng med kjøp av plassar i andre fylke
Stryn og Sogndal	vekslingsmodell i bygg- og anleggsteknikk			
Stryn	landslinje i skispyting	10 plassar	17-18	

Fylkesdirektøren og hovudutvalet, i samarbeid med opplæringskontora og fagopplæringsnemnda, har i åra etter at skulebruksplanen blei vedteken lagt betydeleg meir vekt på at elevane som vel yrkesfag får fullføre opplæringa i bedrift. Opplæringstilbodet er no meir tilpassa læreplassstilgangen i ulike bransjar. I tillegg har nokre skular, i samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv, satsa på tilbod som kunne gje betre tilpassa kompetanse for desse næringane.

Ei stor utfordring i Sogn og Fjordane er elevtalet, det blir ikkje fleire søkarar av å auke tilboda. Søkarane frå GMU og elevar som får igjen ungdomsretten sin som konsekvens av lovendringa omtala i punkt 2.3, vil bidra til å oppretthalde nivået på opplæringstilbodet. I beste fall vil elevtalet auke, men førebels er det ikkje mogeleg å sjå konsekvensane.

Fylkesdirektøren si vurdering er at opplæringstilbodet i åra etter vedtaket i skulebruksplanen har tilpassa seg søkarane sine ønske og behov i næringslivet. Samtidig er planen framleis styrande for dei vurderingane som blir gjort.

5. Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar av opplæringstilbodet.

Fylkesdirektøren si vurdering er at ei gruppetalsramme for skuleåret 2018-19 på 220 grupper vil gje plass til rettssøkarane. I tillegg syner ein til dei øyremerkte midlane til ei gruppe vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

Alle fylka har til ei kvar tid ein større «pool» av søkarar med ungdomsrett enn dei som reelt søker, slik det alltid har vore. Lovendringane omtala i punkt 2.3 vil gje fleire ungdommar høve til å fullføre vidaregåande opplæring. Dersom vesentleg fleire no søker vidaregåande opplæring kan det utfordre ramma vi har til disposisjon.

Først når søkartala er kjende 2.mars vil ein sjå om lovendringane påverkar søkartala. Det er grunn til å tru at søkinga vil auke framover, etter kvart som lovendringane blir betre kjende. Som tidlegare år blir tilbodet justert når resultatet av søkinga er klart.

Framlegget til endringar i opplæringstilbodet er presentert per utdanningsprogram, og endringane er ut frå tilbod som er sette i gang 2017-18. Tilbod som ligg i skulebruksplanen, men som ikkje blei lyste ut for 2017-18, og tilbod som i vedtak om justering av opplæringstilbodet for 2017-18 ikkje blei sette i gang, er vurderte i arbeidet med denne saka. Dette er i samsvar med punkt 2 i HO-sak 5/17.

Utdanningsprogramma musikk, dans og drama, medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur

Til utdanningsprogrammet musikk, dans og drama har det vore god søking til alle tre retningane på vg1 dei siste to åra, og alle tre retningane er fulle. Også på vg2 er det god oppfylling.

Medium og kommunikasjon blei frå hausten 2016 eit treårig studieførebuande utdanningsløp med 30 elevplassar i gruppene. Tilbodet er ved Sogndal og Hafstad vidaregåande skular. Søkinga til utdanningsprogrammet er vesentleg lågare enn det var nokre år tilbake. Nedgangen i søkinga til medium og kommunikasjon er ein nasjonal trend.

På vg1 var det etter 2. inntak 20 inntekne ved Sogndal vidaregåande skule og 19 inntekne ved Hafstad vidaregåande skule. Av desse var det 12 primærskar til Sogndal vidaregåande skule og 15 til Hafstad vidaregåande skule.

I tillegg til nedgang i søkinga til vg1 er det også ein betydeleg reduksjon frå vg1 til vg2. Ved Sogndal vidaregåande skule er det 8 elevar igjen på vg2 av dei 27 som var tekne inn til vg1, og ved Hafstad vidaregåande skule er det 19 elevar igjen av 29 inntekne til vg1 skuleåret 2016-17.

Den store «avskallinga» frå vg1 til vg2 fører til mange omval og noko fråfall. Fylkesdirektøren meiner det her er grunn til også å trekke primærskartala inn i vurderingane av om den totale situasjonen er slik at utdanningsprogrammet bør bli fylkesdekkande.

Trass i at det er mediemiljø både i Sogndal og i Førde, og som samarbeider med og gir praksis til elevane, er det fylkesdirektøren si vurdering at søkar- og elevtala vurdert opp mot ressursituasjonen i sektoren gjer det vanskeleg å forsvare lokalisering ved to skular som i dag.

Ved begge skulane veit vi at medieelevane bidreg positivt opp mot andre utdanningsprogram og ulike prosjekt ved skulane og i nærmiljøa. Fylkesdirektøren si vurdering er at skulane er like med omsyn til betydning for skulen og omverda. Ved Hafstad vidaregåande skule ligg også utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur, som er det andre kreative utdanningsprogrammet som fører til studiekompetanse. Tilbodet er fylkesdekkande.

Utslagsgjevande for framlegget om lokalisering av medium og kommunikasjon som fylkesdekkande tilbod er samarbeidet mellom medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande skule. Fylkesdirektøren rår til at utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon blir fasa ut ved Sogndal vidaregåande skule og blir fylkesdekkande tilbod ved Hafstad vidaregåande skule.

Skulebruksplanen punkt 18 seier «Den vidare utviklinga av det vidaregåande skuletilbodet skal skje med basis i elevane sine val, og ved at skulane utviklar og fornyar sine tilbod.» Når samla søking i fylket ikkje har auka i tråd med plasstalskravet i studieførebuande utdanningsprogram, er det fylkesdirektøren si vurdering at det er tilstrekkeleg med eitt fylkesdekkande tilbod.

Erstatning for utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon er programfaget medie- og informasjonkunnskap i utdanningsprogrammet studiespesialisering.

På vg2 medium og kommunikasjon er det 8 elevar ved Sogndal vidaregåande skule og 19 elevar ved Hafstad vidaregåande skule. Det er rom for desse i ei gruppe vg3, og fylkesdirektøren rår difor til at vg3 medium og kommunikasjon ikkje blir lyst ut ved Sogndal vidaregåande skule.

Det er 20 elevar på vg1 inneverande år og i framlegget ligg at dei skal gå vg2 skuleåret 2018-19. Dersom søkargrunnlaget er til stades rår fylkesdirektøren til at vg3 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule lyst ut for skuleåret 2019-20.

Utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur er eige utdanningsprogram for andre året. Tidlegare var det tilbydd som studiespesialisering med formgjevingsfag. Ei av målsettingane med å opprette eige utdanningsprogram var at betre synleggjering av dei kreative faga skulle auke søkinga. Det har i liten grad skjedd, verken nasjonalt eller i Sogn og Fjordane har det nye utdanningsprogrammet trekt til seg særleg fleire søkarar enn før omlegginga.

Til skuleåret 2017-18 var det til 2.inntak teke inn 21 elevar til vg1 og 13 til vg2. Til vg1 skuleåret 2016-17 var det teke inn 21 elevar, så også her har mange elevar valt å gjere omval i staden for

å fullføre i utdanningsprogrammet. Fylkesdirektøren har likevel ingen framlegg til endringar i utdanningsprogrammet, sidan det er eit fylkesdekkande tilbod.

Fylkesdirektøren si tilråding i medium og kommunikasjon :

- Vg1 medium og kommunikasjon med Sogndal vidaregåande skule blir ikkje lyst ut.
- Vg3 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule blir ikkje lyst ut

Utdanningsprogramma studiespesialisering og idrettsfag

Inneverande skuleår er det sett i gang 17 grupper på vg1 studiespesialisering. I justeringa av opplæringstilbodet var det 49 primærøkarar til 30 plasser til vg1 idrettsfag ved Firda vidaregåande skule og 40 primærøkarar til 60 plassar på vg1 studiespesialisering ved Eid vidaregåande skule. På det grunnlaget blei vg1 studiespesialisering redusert med ei gruppe ved Eid vidaregåande skule, og vg1 idrettsfag blei auka med ei gruppe ved Firda vidaregåande skule.

Nordfjord samla har ein nedgang på 41 avgangselevar frå grunnskulen. Det er 37 elevar i GMU-gruppene i Nordfjord. Skuleåra 2016-17 og tidlegare var det to grupper vg1 studiespesialisering ved Eid vidaregåande skule. Fylkesdirektøren er noko usikker på om det er søkjargrunnlag til to grupper, avhengig av søkinga til idrettsfag ved Firda vidaregåande skule. Fylkesdirektøren rår difor til at det blir lyst ut to grupper vg1 studiespesialisering ved Eid vidaregåande skule, i samsvar med nivået som blei lyst skuleåret 2017-18. Fylkesdirektøren rår til at det blir lyst ut ei gruppe vg1 idrettsfag ved Firda vidaregåande skule, ei gruppe mindre enn som blei sett i gang skuleåret 2017-18.

På vg2 er konsekvensane av vg1-nivåa i år at vg2 studiespesialisering ved Eid blir lyst ut med ei gruppe og vg2 idrettsfag ved Firda vidaregåande skule blir lyst ut med to grupper.

På vg2 studiespesialisering er det i år 18 grupper, og på vg3 for skuleåret 2018-19 er det 18 grupper i fylkesdirektøren sitt framlegg.

Som konsekvens av framlegget om å ikkje lyse ut vg1 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule rår fylkesdirektøren til at vg1 studiespesialisering blir auka med ei gruppe, frå tre til fire. Programfaget medie- og informasjonskunnskap vil som nemnt vere eit alternativ, og til ein viss grad kunne kome brukarane av skulen sine medietenester i møte.

Vg3 studiespesialisering ved Sogndal vidaregåande skule blir redusert frå fire til tre grupper fordi det er tre grupper vg2 i år.

Fylkesdirektøren si tilråding i studiespesialisering og idrettsfag:

- Vg1 studiespesialisering ved Sogndal vidaregåande skule blir auka med ei gruppe
- Vg3 studiespesialisering ved Sogndal vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe
- Vg1 studiespesialisering ved Eid vidaregåande skule blir auka med ei gruppe
- Vg2 studiespesialisering ved Eid vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe
- Vg1 idrettsfag ved Firda vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe
- Vg2 idrettsfag ved Firda vidaregåande skule blir auka med ei gruppe

Utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk

Inneverande skuleår blei tilboda i utdanningsprogrammet justert ein del då søkartala var klare. Ved Sogndal vidaregåande skule blei vg1 justert ned frå fem til fire grupper, ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blei det auka frå tre til fire grupper, og ved Stryn vidaregåande skule frå ei til to grupper. Samla blei kapasiteten i vg1 bygg- og anleggsteknikk auka med ei gruppe.

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blei det lyst ut fire grupper på vg1 nivå. Det var stor oversøking, men skulen hadde ikkje areal til ei femte gruppe fordi det var tre grupper vg2 byggtknikk.

På grunnlag av oversøkinga til inneverande år rår fylkesdirektøren til at tilbodet på vg1 blir auka med ei gruppe ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Ein rår til at tilbodet blir lyst ut på vg2 med to grupper byggtknikk og to grupper anleggsteknikk.

Med unntak av Mo og Øyrane vidaregåande skule meiner fylkesdirektøren at tilbodet både på vg1 og vg2 nivå kan lystast ut i samsvar med slik det er sett i gang i 2017-18. Det er grunnlag for å lyse ut vg2 klima, energi og miljøfag både ved Flora og Sogndal vidaregåande skular.

Minoritetspråklege søker i stor grad til yrkesfaga, og mange av dei til bygg- og anleggsteknikk. For dette utdanningsprogrammet trur ein at søkarane frå GMU i stor grad kan vege opp for lågare tal avgangselevar i grunnskulane.

Fylkesdirektøren si tilråding i bygg- og anleggsteknikk :

- Vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blir auka med ei gruppe
- Vg2 byggtknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe

Utdanningsprogrammet design og handverk

Inneverande år er det 20 elevar på vg1 design og handverk ved Eid vidaregåande skule. Det er 10 færre enn skuleåret 2016-17. På vg2 er det 9 elevar på interiør og utstillingsdesign ved Eid vidaregåande skule, og 8 elevar på frisør ved Høyanger vidaregåande skule. Elevtalet på frisør var svært lågt skuleåret 2016-17, og auken til 8 elevar er gledeleg. I høyring om endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen, omtala i punkt 2.3, er vg2 frisør føreslått vidareført i nytt utdanningsprogram for design.

Til inneverande skuleår blei vg2 interiør og utstillingsdesign lyst ut med 1,5 gruppe i kombinasjon med vg2 industriell møbelproduksjon. I justeringa av opplæringstilbodet blei tilbodet redusert til 0,5 gruppe.

20 elevar i vg1 gir normalt behov for to grupper på vg2. Fylkesdirektøren rår til at det blir lyst ut ei gruppe vg2 frisør ved Høyanger vidaregåande skule og ei gruppe vg2 interiør og utstillingsdesign ved Eid vidaregåande skule. For å sikre rekruttering til begge tilboda på vg2 bør ein lyse ut to grupper på vg1 også for skuleåret 2018-19.

Vg2 industriell møbelproduksjon høyrer til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men er kryssløp både frå design og handverk og bygg- og anleggsteknikk. Tilbodet er landsdekkande, som betyr at søkarar frå heile landet konkurrerer på like vilkår. Inneverande år blei tilbodet lyst ut med ei halv gruppe, 6 plassar, i kombinasjon med 1,5 gruppe vg2 interiør- og utstillingdesign. Med 20 elevar på vg1 i år vil det ikkje bli behov for meir enn ei gruppe vg2, og kombinasjonen med vg2 interiør- og utstillingdesign fell bort. Erfaringa tilseier at det blir endringar i justeringsaka, og endeleg gruppe og plasstalsfordeling kjem først der.

Etter det første inntaket hadde søkarar frå andre fylke konkurrert seg inn på dei fleste av plassane. Av erfaring veit ein at relativt få av desse søkarane tek i mot plassane. For å sikre at søkarar frå eige fylke ikkje måtte vente til skulestart før dei fekk tilbod, blei plasstalet auka frå seks til tolv i andre inntaket.

Fylkesdirektøren vil råde til å lyse ut vg2 industriell møbelproduksjon med ei halv gruppe som no, og kome tilbake i justeringssaka når ein ser tal søkarar frå eige og andre fylke. Programområdet ligg til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men sidan fylkesdirektøren ikkje rår til endringar i tilbodet som blei sett i gang for 2017-18, omtalar ein ikkje programområdet ein gong til.

Fylkesdirektøren har ingen framlegg til endringar i høve tilbodet som blei sett i gang for skuleåret 2017-18

Utdanningsprogrammet elektrofag

Inneverande år er det sett i gang 10 grupper på vg1 nivå. Det er teke inn 125 søkarar med ungdomsrett. Opplæringskontoret for elektrofag si vurdering er at det er rett nivå for utdanningsprogrammet.

Ved nokre skular er plasstalet i gruppene auka til 14 elevar. Konsekvensen er åtte fleire inntekne, dvs. nær ei gruppe. Fylkesdirektøren vil redusere plasstalet igjen, slik at 10 grupper vg1 elektrofag maksimalt gjev 120 inntekne.

Vg2 elenergi er det programområdet i utdanningsprogrammet med flest grupper og størst søking. Inneverande år er det seks grupper i gang. I oppsummeringa av arbeidet med formidling, punkt 3,2, blir det vist til at det per 1.september stod att 12 søkarar til elektrikarfaget. Over fleire år har ein ikkje fått formidla ut alle søkarane til opplæring i bedrift, og dette er eitt av faga der fylkeskommunen må tilby vg3 i skule som alternativ.

Fylkesdirektøren meiner difor at kapasiteten i programområdet elenergi bør ned. Så lenge det over fleire år har stått mange igjen utan læreplass vil fem grupper vere betre tilpassa læreplassstilgangen.

Reduksjon av kapasiteten på vg2 elenergi vil skyve søkinga over på vg2 automasjon og vg2 data- og elektronikk. Fylkesdirektøren rår til at tilbodet blir redusert frå to til ei gruppe ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. For å få ein reell reduksjon i plasstalet på vg2 elenergi blir ikkje tilbodet auka ved Flora vidaregåande skule, sjølv om det er to grupper vg1 inneverande år.

I programområda vg2 automatisering og vg3 automatiseringsfaget er dette første året med 2 vg3 grupper i fylket, ei ved Årdal vidaregåande skule og ei ved Eid vidaregåande skule. Det er til saman 22 elevar som skal ut i lære frå våren 2018.

Framlegget til fylkesdirektøren vil gje 10 grupper på vg1-nivå skuleåret 2018-19. På vg2-nivå ligg det 5 grupper vg2 elenergi, 3 grupper data- og elektronikk og 2 grupper automasjon. Vidareføring av vg2-nivået skuleåret 2019-20 vil vere tilpassa vg1-nivået på 10 grupper.

Fylkesdirektøren si tilråding i elektrofag:

- Vg2 elenergi ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe

Utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag

På grunn av stor søking blei vg1 helse og oppvekst auka frå ei til to grupper ved Dale og Stryn vidaregåande skular, og det er teke inn høvesvis 25 og 31 elevar. Fylkesdirektøren rår difor til at vg2 helsearbeidarfag blir lyst ut med to grupper ved Dale og Stryn vidaregåande skular.

Avgangstala frå grunnskulane som tradisjonelt søker til desse skulane er lågare enn i fjor, med 16 færre i Stryn og 10 færre i Dale. Ein rår til at vg1 helse og oppvekst ved Dale og Stryn vidaregåande skular blir redusert med ei gruppe, og lyst ut med ei gruppe som i fjor. Søkartala vil syne om det er rett nivå. Majoriteten av minoritetsspråklege søker yrkesfag, men sidan 80 % av elevane i GMU er gitar, er det usikkert kor mange som søker helse og oppvekstfag.

Vi ser at mange av elevane frå vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og vg2 helsearbeidarfag vel vg3 påbygging til generell studiekompetanse i staden for opplæring i bedrift. Det er grunn til å tru at dette, for dei fleste, er eit bevisst val med tanke på studiekompetanse og veg vidare i høgskulesystemet. Skulane som har dette utdanningsprogrammet opplyser at dei informerer om retten til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse som alternativ.

Fylkesdirektøren si tilråding i helse- og oppvekstfag:

- Vg1 helse og oppvekst ved Dale vidaregåande skule bli redusert med ei gruppe
- Vg1 helse og oppvekst ved Stryn vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe
- Vg2 helsearbeidarfag ved Dale vidaregåande skule blir auka med ei gruppe
- Vg2 helsearbeidarfag ved Stryn vidaregåande skule blir auka med ei gruppe

Utdanningsprogrammet restaurant- og matfag

Inneverande skuleår er det ei gruppe vg1 og ei gruppe vg2 ved Sogndal, Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular. Ved Sogndal vidaregåande skule er 8 elevar på vg1, medan gruppene ved dei andre skulane er fulle.

Fylkesdirektøren har ingen endringsframlegg og rår til at utdanningsprogrammet blir lyst ut slik det er sett i gang inneverande skuleår.

Utdanningsprogrammet service og samferdsel

På vg1-nivå er gruppetalet inneverande skuleår truleg rett dimensjonert, også for skuleåret 2018-19. Tal minoritetspråklege søkarar vil truleg auke, som ein konsekvens av tal elevar i GMU, og mange av dei søker service og samferdsel. Halvparten av elevane på vg1 førre skuleår går no programområdet vg2 sal, service og sikkerheit

Av 26 elevar med ungdomsrett på vg2 transport og logistikk kjem 1/3 frå service og samferdsel og 2/3 frå teknikk og industriell produksjon. Det er noko høgare del frå service og samferdsel enn vi såg tidlegare år.

Vg2 IKT-servicefag er fylkesdekkande tilbod ved Flora vidaregåande skule, og programområdet rekrutterer frå alle utdanningsprogram. Det er einaste programområde på vg2 der inntaksgrunnlaget er så breitt. Fire av femten inntekne i 2. inntaket inneverande år kjem frå vg1 service og samferdsel. Elles rekrutterer programområdet frå bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og restaurant- og matfag. Med stor breidde i programfag på vg1 har elevgruppa i vg2 IKT-servicefag svært variert kunnskapsbakgrunn.

Oppsummert er situasjonen for elevar som gjekk vg2 IKT- servicefag skuleåra 2015-16 og 2016-17 slik:

IKT-servicefag skuleåret:	15-16	16-17
Elevar	12	11
Søkt bedrift året etter	3	6
Aktivitet 16-17 eller 17-18:		
Lærekontrakt	2	3
Vg3 i skule	0	1
Vg3 påbygging	5	1
Omval	2	2
Ute av opplæring	3	4

Tabell 5

Det er få som søker opplæring i bedrift, og færre som får lærekontrakt/opplæringskontrakt. Søkarane til lærefaget vg3 IKT-servicefaget konkurrerer ofte med søkarane frå vg3 dataelektronikarfaget om læreplassane.

I høyringsframlegget «Endringer i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen» er det foreslått å flytte programområdet over i utdanningsprogram for elektrofag. Hovudutval for opplæring har tidlegare slutta seg til framlegget.

Fram til endringane i tilbudsstrukturen trer i kraft skuleåret 2020-21, er det fylkesdirektøren si vurdering at vi ikkje tilbyr programområdet. Vg2 IKT- servicefag blir difor tilrådd ikkje lyst ut.

Inneverande skuleår blei ikkje vg2 sal, service og tryggleik ved Flora vidaregåande skule sett i gang pga. søkartal under minimumsgrensa. Med full gruppe på vg1 service og samferdsel i år, rår fylkesdirektøren til at vg2 sal, service og tryggleik ved Flora vidaregåande skule blir lyst ut.

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er inneverande skuleår tredje året med YSK service og samferdsel. Skuledelen av opplæringa har dei i år i lag med vg3 naturbruk studieførebuande. For skuleåret 2018-19 vil det også vere YSK vg4, og skulen har planlagt at dei to årskulla i YSK får opplæring i lag med vg3 naturbruk studieførebuande.

Fylkesdirektøren viser til innspel frå Nordfjord vekst og presentasjon av Videonor og Localhost om behovet for IT-kompetanse i bedrifter i Nordfjord. Måløy vidaregåande skule har ikkje nødvendig kompetanse til å tilby IKT- servicefag. I høyringsnotatet «Framlegg til endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen» er programområdet foreslått lagt til utdanningsprogram elektrofag og at IKT servicefag har, og bør, utvikle fleire felleselement med lærefaga i elektrofag.

Fylkesdirektøren er positiv til å i møtekomme næringslivet sitt behov. For bedrifter som har behov for fagarbeidarar vil faget dataelektronikar i stor grad kunne møte dette. Gjennom eit samarbeid med Eid vidaregåande skule kan programområda vg2 data- og elektronikk og vg3 dataelektronikar kunne spissast mot bedriftene sine konkrete behov gjennom faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Elevane i yrkesfag skal ut i praksis alle år og bedriftene vil få høve til å knyte til seg elevar gjennom praksis og ved å tilby sommarjobb gjennom heile opplæringsløpet.

Det går fram av presentasjonane og skriftleg innspel at bedriftene i stor grad er ut etter søkjarar som også er kvalifiserte for høgare utdanning. Eid vidaregåande skule har inne søknad til Utdanningsdirektoratet om å delta i forsøk med programfaget «Programmering og modellering X». I tillegg vil dei tilby programfaget «Teknologi og forskningslære» og soleis skape ei teknologiklasse. Dette vil også vere elevar som dei aktuelle bedriftene kan knyte til seg gjennom prosjektoppgåver og sommarjobbar. Faget kan bli tilbud ved alle dei vidaregåande skulane i Nordfjord gjennom nett- og samlingsbasert opplæring.

Fylkesdirektøren si tilråding i service og samferdsel:

- vg2 sal, service og tryggleik ved Flora vidaregåande skule blir lyst ut med ei gruppe
- vg2 IKT-servicefag ved Flora vidaregåande skule blir ikkje lyst ut

Utdanningsprogrammet naturbruk

Tilbodet på vg1 i utdanningsprogrammet har vore stabilt i mange år, med ei gruppe ved Måløy vidaregåande skule og to grupper på Mo og Øyrane vidaregåande skule. Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er det ei gruppe naturbruk og ei gruppe naturbruk med hest. Ved Måløy vidaregåande skule er opplæringa innretta mot havbruk og fiske. Læreplanen er lik for all naturbruksutdanning på vg1, med høve til å leggje vekt på ulike retningar.

Over mange år har skulane, i lag med næringane, jobba aktivt for å auke rekrutteringa til naturbruk, og arbeidet har gitt resultat.

Utviklinga i tal primærøskarar med ungdomsrett er positiv:

Primærøskarar med ungdomsrett					
	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18
Mo og Øyrane					
Vg1 naturbruk	4	9	17	19	18
Vg1 naturbruk med hest	11	10	9	10	14
Måløy					
Vg1 naturbruk	11	7	10	14	18

Tabell 6

Ved Måløy vidaregåande skule vil ei utviding få konsekvensar for læreplasstilgangen frå vg2 akvakultur og vg2 fiske og fangst. Denne nærmar seg nivået for auke frå ei halv til ei heil gruppe i kvart av programområda. På litt sikt kan det vere naturleg å auke kapasiteten på vg1. Dette vil vere i tråd med målsettinga i vediskapingsplanen om å auke rekrutteringa til sjømatnæringane.

Med tanke på rekruttering til landbruket vil auke i kapasiteten på vg1 naturbruk vere positivt. Elevane frå vg2 landbruk- og gartnarnæring, som rekrutterer frå vg1 naturbruk, søker i liten grad til studiekompetanse. Dei søker i staden til vg3 landbruk som gjev agronomkompetanse.

Også av omsyn til den samla oversøkinga til vg1 i Sunnfjord til inneverande skuleår vil auka kapasitet på naturbruk vere positivt for å auke kapasiteten på vg1 i regionen. Auke i vg1 naturbruk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vil ikkje gi press på læreplassar i bransjar der vi har utfordringar med læreplasskapasiteten.

Fylkesdirektøren si tilråding i naturbruk:

- Vg1 naturbruk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blir lyst ut med to grupper

Utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon

Til skuleåret 2017-18 blei vg2 køyretøy og vg2 bilskade, lakk og karosseri lyst ut med 6 plassar kvar, med ein samla grupperessurs på 1,5 grupper. Nedjusteringa av kapasiteten skuldast at mange stod att utan læreplass. Også i år syner formidlinga at det stod att mange søkarar frå vg2 køyretøy og vg2 bilskade, lakk og karosseri. Fylkesdirektøren si vurdering er at det førebels ikkje er grunnlag for å auke kapasiteten på vg2 køyretøy i fylket.

Totalt er det seks grupper vg2 industriteknologi i fylket. Søkarar utan tilbod om læreplass har svart til om lag ei gruppe i fleire år. Desse søkarane fordeler seg på alle skulane med tilbodet. Kapasiteten på vg2 industriteknologi bør reduserast, men det er ingen skular som har meir enn ei gruppe. Av omsyn til lokale og regionale bedrifter som rekrutterer lærlingar frå programområdet, finn fylkesdirektøren det vanskeleg å ta bort tilbodet ved ein av skulane.

Bedrifter i Nordfjord som arbeider med kompositt- og plastmaterialar har vore i kontakt med Måløy vidaregåande skule. Ønsket er å få tilgang på lærlingar som er betre rusta for læreplass i bedrifter som jobbar med desse materiala. Per i dag går lærefag i plast ut frå vg2 industriteknologi. Det er bedrifter frå Selje, Eid, Vågsøy og Gloppen som har desse behova. Fylkesdirektøren har difor teke initiativ til samarbeid mellom Måløy og Eid vidaregåande skular, som begge har vg1 teknikk og industriell produksjon.

Kongsberg vidaregåande skule har utarbeidd læreplan for vg2 plast- og kompositt, som er godkjend av Kunnskapsdepartementet som forsøksplan, og som vi kan nytte. Det er uvisst om det er behov for ei heil gruppe med elevar på dette programområdet, då 12 lærlingar kvart år truleg er for mykje for desse bedriftene. I tillegg vil desse elevane ha grunnlag for færre lærefag enn dei som kjem frå vg2 industriteknologi.

Fylkesdirektøren har, i lag med Måløy og Eid vidaregåande skular, utarbeidd ei løysing som kan gi fleire positive effektar. Løysinga inneber at elevane på vg1 teknikk og industriell produksjon, gjennom faget yrkesfagelg fordjuping (YFF), får kjennskap til alle vg2 retningane i utdanningsprogrammet gjennom utplassering i bedrifter. Faget er på 168 t/år dvs. 6 t/veka. Bedrifter som rekrutterer lærlingar frå faget vg2 transport og logistikk i utdanningsprogrammet service og samferdsel vil også bli inkludert, sidan mange av elevane her kjem frå vg1 teknikk og industriell produksjon. For å sikre rekruttering til eksisterande vg2 programområde og å møte behovet for lærlingar tilår fylkesdirektøren at plasstalet på vg1 vert utvida med seks plassar i vg1 teknikk og industriell produksjon; tre plassar ved kvar av skulane Måløy og Eid vidaregåande skular.

Bedriftene som har etterspurt fagarbeidarar i plast- og komposittfaga ønsker ei opplæring i tett samarbeid med bedriftene. Dei ulike bedriftene har ulike kompetanseområde og ulikt utstyr. For at elevane skal få nødvendig breidde i kompetansen og møte læreplanmåla tilår bedriftene at elevane får høve til å rullere mellom ulike bedrifter. Fylkesdirektøren føreset at Eid og Måløy vidaregåande skular samarbeider om eitt tilbod i lag med bedriftene.

Måløy vidaregåande skule har programområda vg2 køyretøy og vg2 maritime fag i tillegg til YSK i industriteknologi. Eid vidaregåande skule har programområda vg2 industriteknologi og vg2 industriell møbelproduksjon (landsdekkande linje).

Måløy vidaregåande skule, som ikkje har vg2 industriteknologi, får tilført ressursar til 0,5 gruppe vg2 plast og kompositt. Ved Eid vidaregåande skule skal inntil seks plassar ved eksisterande vg2 industriteknologi spissast mot dei behova bedriftene har innan plast og kompositt og koordinerast med det nye programområdet ved Måløy vidaregåande skule, som eitt samla tilbod. Plassane ved vg2 industriteknologi ved Eid vidaregåande skule skal nytte faget YFF inn mot lærefaga ut frå vg2 plast og kompositt. Sidan skulane verken har all nødvendig kompetanse eller utstyr til denne opplæringa, må mykje av opplæringa vere i bedriftene, organiserte som ein opplæringsring.

Som nemnt har det over fleire år vore overkapasitet på vg2 industriteknologi, og ikkje alle har fått læreplass. Det vil difor vere svært positivt å kunne dreie noko av søkinga mot desse bransjane. Samtidig er det viktig å ikkje ta vekk rekrutteringsgrunnlaget til andre industribedrifter.

Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilsvarande ei grupperessurs for å kunne møte behovet i plast- og kompositt. Ressursen skal nyttast til å finansiere plasstalsauken på vg1 og den ekstra halve gruppa vg2 ved Måløy vidaregåande skule.

Skulane, i lag med dei aktuelle bedriftene, får oppgåva med å informere og rekruttere aktuelle søkjarar. I søkjarhandboka for skuleåret 2018-19, på Vilbli.no og i annan informasjon vil det utlyste tilbodet på Måløy vidaregåande skule bli vg2 plast- og kompositt.

Fylkesdirektøren si tilråding i teknikk og industriell produksjon:

- Vg2 plast og kompositt blir lyst ut med 0,5 gruppe ved Måløy vidaregåande skule.
- Det blir samla løyvd midlar tilsvarande ein grupperessurs til Måløy og Eid vidaregåande skular for å gje tilbod i vg2 plast- og kompositt i lag med aktuelle bedrifter.

Samla endingar:

Tabell 7 syner fylkesdirektøren si tilråding til endringar, presenterte per skule:

				Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar frå igangsett tilbod 2017-18		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-19	
Skule	Nivå	Utdannings program	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
Sogndal	1	ME	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON	-1	-30	0	0
Sogndal	3	ME	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON	-1	-15	0	0
Sogndal	1	ST	STUDIESPESIALISERING	1	30	4	120
Sogndal	3	ST	STUDIESPESIALISERING	-1	-30	3	90
Dale	1	HS	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	-1	-12	1	17
Dale	2	HS	HELSEARBEIDERFAG	1	15	2	30
Mo og Øyrane	1	BA	BYGG OG ANLEGGSTEKNIKK	1	12	5	61
Mo og Øyrane	2	BA	BYGGTEKNIKK	-1	-12	2	24
Mo og Øyrane	2	EL	ELENERGI	-1	-12	1	12
Mo og Øyrane	1	NA	NATURBRUK	1	12	2	24
Hafstad	3	ME	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON	1	30	1	30
Flora	2	SS	SALG, SERVICE OG SIKKERHET	1	15	1	15
Flora	2	SS	IKT-SERVICEFAG	-1	-15	0	0
Måløy	2	TP	INDUSTRIKNOLOGI MED PLAST OG KOMPOSITT	0,5	6	1	6
Firda	1	ID	IDRETTSFAG	-1	-30	1	30
Firda	2	ID	IDRETTSFAG	1	30	2	60
Eid	1	ST	STUDIESPESIALISERING	1	30	2	60
Eid	2	ST	STUDIESPESIALISERING	-1	-30	1	30
Stryn	2	BA	BYGGTEKNIKK	1	12	2	24
Stryn	1	HS	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	-1	-12	1	20
Stryn	2	HS	HELSEARBEIDERFAG	1	15	2	30
Sum endringar				0,5	9		

6. Konsekvensar for personalet

Fylkesdirektøren sitt framlegg til opplæringstilbod for skuleåret 2018-19 er på nivå med tilbodet skuleåret 2017-18. Framlegget vil samla sett ikkje ha store konsekvensar for personalsituasjonen. Likevel kan det få konsekvensar for tilsette på nokre programområde.

Ein auke eller reduksjon i gruppetalet vil påverke stillingsplanarbeidet på den ein skule. Når justeringa av opplæringstilbodet for 2018-19 er vedteken kan skulane ferdigstilla sine stillingsplanar, og først då vil fylkesdirektøren få oversikt over eventuelt overtal. Midlar til tilpassa opplæring og kompetanseheving vil også påverke det endelege biletet.

7. Oppsummering

Som omtala innleiingsvis meiner fylkesdirektøren at gruppetalsramma på 220 grupper, med tilhøyrande plasstal, vil vere tilstrekkeleg for skuleåret 2018-19. Det er ei politisk målsetjing å lyse ut tilbodet så breitt som mogeleg, for så å justere tilbodet i tråd med søkarane sine ønske når søknadsfristen er ute.

I tilrådinga er det eit nytt programområde, vg2, plast og kompositt med 0,5 gruppe. Dette vil vere eit fylkesdekkande tilbod der opplæringa i stor grad blir i samarbeid med bedrifter i bransjen.

Det er tre tilbod som ligg i skulebruksplanen som ikkje er tilrådd lyste ut. Det er vg2 industriteknologi ved Måløy vidaregåande skule, vg2 IKT-servicefag ved Flora vidaregåande skule og vg1 og vg3 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule. Alle andre endringar kan tilpassast søkartala i arbeidet med justeringssaka til våren.

Samla tilbud ved kvar skule

a) Årdal vidaregåande skule - tilbudet blir lyst ut med 12 grupper			Utlyst tilbud 2017-2018		Igangsett tilbud 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	15	1,0	14	1,0	14
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	31	1,0	31
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPKJP2----	Kjemiprosess	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	0,0	10	0,0	10	0,0	10
4	PBPBY4YK--	Påbygging til generell stud.komp.- etter yrkeskompetanse	1,0	20	1,0	20	1,0	20
			9,0	186	9,0	186	12,0	186

b) Sogndal vidaregåande skule - tilbudet blir lyst ut med 41 grupper			Utlyst tilbud 2017-2018		Igangsett tilbud 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	5,0	61	4,0	47	4,0	47
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	3,0	36	2,0	24	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	28	2,0	28
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	2,0	24	1,0	12	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	32	2,0	32	2,0	32
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	30	2,0	30	2,0	30
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	14	1,0	15	1,0	15
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	2,0	32	2,0	34	2,0	34
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	3,0	81	3,0	90	4,0	120
2	STUSP2----	Studiespesialisering	3,0	81	3,0	81	3,0	81
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4,0	108	4,0	120	3,0	90
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		44,0	784	41,0	774	41,0	774

c) Høyanger vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 8 grupper			Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
2	DHFRI2----	Frisør	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	13	1,0	14	1,0	14
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	31	1,0	32	1,0	32
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		8,0	152	8,0	154	8,0	154

d) Dale vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 9 grupper			Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	16	2,0	29	1,0	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15	1,0	15	2,0	30
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	31	1,0	31
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		8,0	178	9,0	192	9,0	193

e) Mo og Øyrane vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 36,5 grupper			Utløst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	3,0	37	4,0	49	5,0	61
2	BABYG2----	Byggteknikk	3,0	36	3,0	36	2,0	24
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1,0	12	2,0	24	2,0	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	2,0	24	2,0	24	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3,0	49	3,0	48	3,0	48
2	HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	9	0,5	6	0,5	6
2	HSHE2----	Helseservicefag	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	NANAB1----	Naturbruk	1,0	12	1,0	12	2,0	24
1	NANAB1--3-	Naturbruk-hest	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagarfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	13
2	NALGA2----	Landbruk - og gartnerfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	14
3	NANAB3----	Naturbruk- studieførebuande	1,0	21	1,0	21	1,0	21
3	NALBR3----	Landbruk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	2,0	26	1,0	17	1,0	17
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	SSSSA1P---	Service og samferdsel - YSK 4-årig	1,0	15	1,0	13	1,0	13
2	SSSSS2P---	Sal, service og sikkerheit- YSK 4-årig	1,0	11	1,0	9	1,0	9
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	0,0	9	0,0	8	0,0	8
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	0,0	0	0,0	0	0,0	8
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	6	1,0	9	1,0	9
	Totalt		35,5	462	36,5	471	36,5	482

f) Hafstad vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 19 grupper			Utløst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	32	1,0	32
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	0,0	0	0,0	0	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	4,0	121	4,0	122	4,0	122
2	STUSP2----	Studiespesialisering	4,0	120	4,0	120	4,0	120
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4,0	120	4,0	120	4,0	120
1	KDKDA1----	kunst, design og arkitektur	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	KDKDA2----	kunst, design og arkitektur	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	KDKDA3----	kunst, design og arkitektur	1,0	30	1,0	30	1,0	30
	Totalt		18,0	541	18,0	544	19,0	574

g) Flora vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 26 grupper			Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	HSFS1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	33	2,0	30	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	16	1,0	16	1,0	16
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15	0,0	0	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		26,0	514	25,0	496	26,0	511

h) Måløy vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 20,5 grupper			Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1,0	13	1,0	13	1,0	13
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12	1,0	14	1,0	14
1	HSFS1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	14	1,0	16	1,0	16
1	HSFS1P---	Helse- og oppvekstfag YSK-4-årig	0,5	4	0,5	8	0,5	8
2	HSHEA2P---	Helsearbeidarfag YSK 4-årig	0,5	7	0,5	6	0,5	6
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	16	1,0	16
1	NANAB1----	Naturbruk	1,0	13	1,0	18	1,0	18
1	NANAB1P---	Naturbruk maritime fag YSK 4-årig	0,0	4	0,0	4	0,0	4
4	NAAKV2P---	Akvakultur YSK 4-årig	0,0	4	0,0	4	0,0	4
2	NAAKV2----	Akvakultur	0,5	7	0,5	7	0,5	7
2	NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6	0,5	6	0,5	6
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	14	1,0	15	1,0	15
2	RMKOS2----	Kokk og servitørfag	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	25	2,0	25
1	TPTIP1P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	4	0,5	4	0,5	4
2	TPTIP2P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	6	0,5	3	0,5	3
2	TPPOK2----	Plast og komposit	0,0	0	0,0	0	0,5	6
2	TPMAR2----	Maritime fag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	1,0	15	1,0	17	1,0	17
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	1,0	18	1,0	18	1,0	18
	Totalt		20,0	318	20,0	332	20,5	338

i) Firda vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 13 grupper			Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30	2,0	60	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	2,0	60
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	MDMDD1--4-	Musikk, dans og drama- dans	0,5	12	0,5	13	0,5	13
1	MDMDD1--1-	Musikk, dans og drama- musikk	1,0	25	1,0	24	1,0	24
1	MDMDD1--6-	Musikk, dans og drama- drama	0,5	12	0,5	13	0,5	13
2	MDDAN2----	Dans	0,5	12	0,5	12	0,5	12
2	MDDRA2----	Drama	0,5	12	0,5	12	0,5	12
2	MDMUS2----	Musikk	1,0	24	1,0	24	1,0	24
3	MDMUS3----	Musikk	1,0	24	1,0	25	1,0	25
3	MDDRA3----	Drama	0,5	12	0,5	12	0,5	12
3	MDDAN3----	Dans	0,5	12	0,5	12	0,5	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	31	1,0	30	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
	Totalt		12,0	326	13,0	357	13,0	357

J) Eid vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 19 grupper			Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	DHDHV1----	Design og handverk	2,0	31	2,0	34	2,0	34
2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	1,5	18	0,5	8	0,5	8
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	30	2,0	30
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	14	1,0	14
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	27	1,0	27	1,0	27
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60	1,0	32	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPIMS2M---	Industriell møbelproduksjon LAD	0,5	6	0,5	12	0,5	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		21,0	382	19,0	361	19,0	331

k) Stryn vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 16 grupper			Utlyst tilbod 2017-2018		Igangsett tilbod 2017-2018		Fylkesdirektøren si tilråding for 2018-2019	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1,0	12	2,0	24	2,0	24
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	18	1,0	12	2,0	24
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	15	2,0	32	1,0	20
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15	1,0	15	2,0	30
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	SSRLV2----	Reiseliv	0,5	6	0,5	7	0,5	6
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
	Totalt		13,0	282	15,0	306	16,0	320

